

Plan for bruk av kommunalt tilsett følgjepersonell.

Ref. Følgjeavtalen

Vedlegg 1

Helse Fonna dekkjer kommunen sine kostnadar for følgje etter skissert plan mellom kommunen og føretaket.

Rett til dekning av utgifter for den som følgjer, skal vere grunngjeve i helsemessige, medisinske eller behandlingsmessige behov. Behovet skal vere vurdert i kvar enkelt tilfelle. (jamfør punkt 5 i avtalen)

I nokre tilfelle kan det vere aktuelt at kommunen må yte kommunale tenester også under opphold. Dette gjeld når pasienten har brukarstyrt personleg assistent (BPA) og/eller annan individuell bistand frå kommunen i samsvar med kommunalt vedtak og der bistand ytes uavhengig av kor brukaren oppheld seg.

Dersom pasienten har individuell plan (IP), skal kommunen sikre at spesialisthelsetenesta mottar denne før pasienten vert innlagt. Kommunen sendar IP til namngjevene ansvarleg ved sjukehuset.

Helseføretaket skal avgjere pasienten sitt behov for følgje under opphold ved sjukehus.
Ansvarleg sjukepleiar¹ sørger for at behandlande lege i Helse Fonna fattar ein slutning

Helseføretaket skal drøfte og avklare behov for bistand av kommunalt personell. For pasientar der det er vurdert eit sannsynleg konstant behov for følgjepersonell under opphold i spesialisthelsetjenesten, bør informasjon om dette føres i DIPS under kritisk informasjon.

Ved planlagde innleggingar:

I forkant av eit opphold tar helseføretaket ved funksjonsleiar kontakt med pasienten eller den som representerer pasienten og kommunen for å avklare behov for bistand frå kommunalt personell/følgje under opphold.

Det er og mogleg at pasienten eller den som representerer pasienten i kommunen tar kontakt med aktuell eining i spesialisthelsetenesta i forkant av eit planlagt opphold for å avklare behov for bistand.

Ved vurdering av tilvising bør lege vurdere sannsynleg behov for følgjepersonell under opphold.

Funksjonsleiar har ansvar for at vurderingar blir gjennomført fortløpende under opphaldet.

Ved akutte innleggingar:

Ved akutte innleggingar skal spørsmål om følgje under opphold avklarast så raskt som mogleg. Avklaring bør skje i akuttmottak av lege. Ny vurdering skal bli gjennomført av lege når pasienten kjem til sengepost. Ansvarleg sjukepleiar har ansvar for at vurderingar blir gjennomført fortløpende under opphaldet.

¹ Funksjonsleiar/stjernevakt/den som er delegert ansvar

Plan:

Ein plan med oversikt over nødvendig personell skal bli sendt frå kommunen, om mogleg i forkant av ei innlegging. Mal for plan/skjema blir sendt elektronisk til kommunen frå aktuell sengepost, Ansvareleg sjukepleiar gjennomfører. Returnert forslag til plan frå kommunen blir vurdert og godkjent av funksjonsleiar.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert oversikt over kontaktpersonar på eiga nettside.

Sjå www.samhandling.no

Grunnlag for refusjon:

Bruk skjema/vedlegg 2: *Oversikt over kommunens dokumenterte kostnader*.

Skjema blir signert fortløpende av personell frå kommunen som er tilstade hos pasienten og ansvarleg sjukepleiar i spesialisthelsetenesta.

Kommunen nyttar skjema som grunnlag for refusjon. Spesialisthelsetenestefunderer faktiske kostnader etter spesifisert rekning.

For spesialisthelsetenesta: Alle skjema blir scanna og arkivert i oppholdsmappa til pasienten i DIPS.

Plan:

Gjeld pasient med NPR-nummer: _____ Kommune: _____

	Namn	Tittel	E-post	Telefonnummer
Ansvarleg i kommunen				
Ansvarleg i sjukehus				

Pasient eller eventuelt pårørande blir informert om plan for følgje.

Veke:	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
DAGVAKT Namn							
KVELDSVAKT Namn							
NATTEVAKT Namn							